

# Seterbrukaren

Skrift frå Norsk seterkultur Nr. 2 | Juni 2014 | 17. årgang



Norsk  
Seterkultur

## Neste utgåve

kjem ut i oktober, med 20. september som frist for stoff og annonsar.

## Opne spalter

### i Seterbrukaren

for omtale av seteropplevelingar, presentasjon av setre, foto med seterrelevant, så bruk kamera i sommar og ta pennan (pc-en) fatt og send til seter@seterkultur.no. Det skjer mykje spennande rundt om i seterlandet, bruk gjerne Seterbrukaren og www.seterkultur.no til å få det ytterlegare fram i ljoset!

### Styret:

Hans Bondal, leiar  
hbond@online.no  
Tlf. 90969518  
Solliavegen 862, 2477 Sollia

Siv Eggen  
7760 Snåsa, tlf. 48 10 27 85  
sbeeggen@msn.com

Per Sæther  
Perseter  
6631 Batnfjordsøra  
tlf. 71 29 01 81\93 67 35 69  
pesetra@gmail.com

Bjørn Karsten Ulberg  
358 Nedre Eggedal  
bkulberg@broadpark.no

Marit Skjelstad  
marit.skjelstad@tine.no  
(Repr. landbrukssamvirket)

### Varamedlemmer

Katharina Sparstad  
Tlf. 990 09 584 | ks@valdres.no  
2975 Vang i Valdres

Erik Fleischer  
tlf. 91180314  
Braskerud Nystuen  
2436 Braskereidfoss  
erfleisc@online.no

Ingrid Arneng  
tlf. 95 78 32 06  
Skjel, 2940 Heggenes  
i.arneng@skjel.no

### Utgjevar:

**Norsk Seterkultur, 6214 Norddal**

telefon 70 25 91 77  
telefaks 70 25 91 57  
E-post: seter@seterkultur.no  
www.seterkultur.no

Bankgiro: 2367 20 51169  
Organisasjonsnr.: 879270642  
Redaktør: Jostein Sande  
Førtrykk: Stordfjord Bladlag AS  
Trykk: Unitykk

**ISSN 1501-6803**

**Seterbrukaren kjem ut fire gonger i året.  
Forside: Geitene kosar seg i fjellet på Østerøyå.  
Foto: Berit Ophus.**

# Til seters, til seters

Så har vi allerede kommet godt ut i juni også i år, og det er snart tid for seterflytting. Noen har trolig alt kommet til seters. Våren så mange steder ut til å kunne bli sein i år, men som så ofte før, når tida er der så er det nærmest direkte overgang fra sen vinter til full sommer «over natta».

Her hos oss i Sollia ble det i alle fall slik. I midten av mai var jeg mer eller mindre overbevist om at seterflytting før 15. juni ville være umulig, men også i år ville vi kunnet flytte før juni var det. For oss har andre årsaker likevel gjort at vi har måttet vente i år, men nå er snart tida inne, og vi gledegruer oss til å flytte inni nytt seterfjøs med geitene..



Og sannelig er vi også inne i en svært spennende tid også for seterbrukerne. Vår nye regjering har klart og tydelig markert sin retning i årets jordbruksoppkjør, og retningen er neppe bare til det gode for å opprettholde dagens seterbruk. Vi i Norsk Seterkultur håper og tror likevel at flest mulig fortsetter med setring, og vi vil gjerne også ha med enda flere til å videreføre dette viktige arbeidet både for kulturlandskapet og for setertradisjonene rundt om i landet.

Norsk Seterkultur ønsker også å ha så mange som mulig av dere som medlemmer. Medlemskontingenen for året blir sendt ut i disse dager, og vi håper alle bruker giroen og støtter opp om det arbeidet som gjøres og fortsatt vil støtte oss. Vi må også få minne om at enkelte fortsatt ikke har betalt for de foregående år, og håper disse fortsett vil være med oss.

Sammen med Hanen jobbes det nå med et forprosjekt til felles nettside for å markedsføre seterturisme både innenlands og utenlands. Også mot Matmerk jobbes det, her med en merkeordning for «seterprodukter», samt evt. regler for dette.

**Da gjenstår det bare for en ny og spent leder å ønske dere alle en riktig god setersommer.**

**Hans Bondal, leder**

## Sats på seteropplevelingar i sommar!

Vi hørde nyleg ein reisejournalist som i beste sendetid på TV varmt anbefalt å reise til seters i sommar. Flott med slik omtale! Og sikkert er det at mange stolar no har spennande tilbod for både stor og liten.

Mange utviklar stolstilboda åleine, men mykje skjer også i regi av organiserte nettverk og seterlag, som Budeieveven, Stølsliv i Hallingdal, Stølar i Valdres, Leksvik Seterlag, Seterlandet Nord-Østerdalen og Rørostraktene, Snåsa Seterlag og Seterlandet Sunndal. Nettsider byr på mykje god informasjon om kvad ei mange setrene byr på.

Oppmodar om at dei som skal ha seterarrangement av ymse slag i sommar, konserter, seterdagar m.m. gjerne sender oss informasjon om dett, så skal vi bringe det vidare på www.seterkultur.no og facebook. Og stoff om slikt til neste blad, som skal ut i oktober, er også av stor interesse.



God mat er resultat av seterdrift.

# Folk til seters

Norsk Seterkultur samarbeider med HANEN om en felles, nasjonal nettside for stølsbedriften. Tiltaket har nå fått støtte fra Innovasjon Norge for å undersøke om tiltaket er relevant for bedriftene.

Andre samarbeidsparter er Fylkesmannens landbruksavdelinger i de to største seterfylkene Oppland og Hedmark, Seterlandet Nord-Østerdalen og Rørostraktene og Valdres Natur- og Kulturpark. Ole Sylte Heggset hos DMT Alvdal AS i Nord-Østerdalen er prosjektleder.

«Med dette ønsker vi å ta en rolle for å se på hvor mange av aktørene det er mulig få samlet inn under én paraply i et nasjonalt nettverk for felles markedsføring mot et større marked. Samtidig vil vi også se på muligheten for praktisk gjennomføring», sier daglig leder i HANEN, Bucher Johannessen.

I forstudien ønsker HANEN og Norsk Seterkultur å kartlegge norske seterturismenettverk og -aktører, og deres ønsker i forhold til å ville utvikle seg mot et nasjonalt og internasjonalt marked. – «Vi søker å nå de som

har, eller som vil skape kommersielle tilbud innen seterturismen. «Forstudien er første steg på veien ut i et enda større marked», sier Bucher Johannessen, glad for støtten fra Innovasjon Norges program for Lokalmat og grønt reiseliv.

«Seteropplevelsene passer godt inn i de trenlene vi ser med økt etterspørsel av aktivitetsferier med sykkel, vandring, lokal mat og fiske m.m. Opplevelser og aktiviteter med basis i ekthet/autentisitet er i tråd med de hovedsatsingene Innovasjon Norge legger til grunn for sin reiselivssatsing. Temabasert opplevelsprodusjon med lokal mat og kultur vil være fokus for det vi her søker å kartlegge», sier Katharina Sparstad, sekretær og tidligere leder i Norsk Seterkultur, sammen med Bucher Johannessen og Guro Grønolen fra Fylkesmannen i i Oppland har delatt i oppstarten av prosjektarbeidet.

I disse dager har det gått ut skriv til både de nettverkene og enkeltaktørene vi kjenner til. Vi vil gjerne ha oversikt over flest mulig aktuelle bedrifter, om deres behov og ambisjonsnivå. Derfor er det også lagt opp til en enkel spørreundersøkelse. Ideen til en felles digital plattform ble også lag fram på fagsamlinga Norsk seterkultur hadde på Røros 9.-10. november 2013.



Kyr på setra, er slik det skal være.

Det er også etablert en Facebook-gruppe der folk kan finne informasjon og nå oss i prosjektet, og det er liten tvil om at seterturismen har sine tilhengere. «Etter få uker i drift har vi over 900 tilhengere, som på en eller annen måte har et forhold til det unike vi mener både nordmenn og det utenlandske turistmarkedet bør få en smilebit av», avrunder HANENS daglige leder.

## Trenger flere kyr!

Jeg har seter på Skjerdingen på Ringebufjellet. Trenger flere kyr! Vil noen ha fellesseter med meg? Hilsen Bjørg Trønnes, 2476 Atna  
[www.imsdal.no/home/storstu-setra](http://www.imsdal.no/home/storstu-setra)

# Eit geiteliv



Du må trivast så godt med det, at du kan ta til takke med å fiska og gå på fjelltur – i staden for å fara til Syden, seier Lars Tyssebotn om å driva støl i moderne tid.  
Foto: Privat

For Lars Tyssebotn og Berit Ophus er det heilt naturleg å ha geitestøl på fjellet i 2014.

*Av Nils-Ove Støbakk*

Sommaren til Lars Tyssebotn er ikkje som sommaren til alle andre. Der veldig mange av oss drøymer om late dagar i Syden, bilferie i Europa eller kanskje ein svipptur innom Slottet i Oslo, vil Lars helst til fjells. I sommarmånadane kosar han seg med lange dagar på den nybygde geitestølen ved den gamle fjellgarden Tyssebotn, barndomsheimen til den tradisjonsbevisste geitebonden.

– Det har ikkje budd folk der sidan familien vår flytta i 1957, fortel han.

Resten av oppveksten budde ostringen i Sævareid i Fusa, før han etter kvart enda opp i Tørvikbygd. I 2010 selde Lars og kona Berit garden der og tok med seg både sauer og geiter til Bernes på Osterøy, der dei driv gard mesteparten av året. Om sommaren flyttar både folk og fe til fjells – som i gamle dagar.

## Åleine på stølen

Sist sommar budde Lars heilt åleine på ein nybygd støl i tre månader, saman med 85 geiter og border collien Lassie. Berit og ungane kom sjølv sagt innom i ny og ne, i tillegg var det dagleg innom nysgjerrige turfolk som ville sjå kva som skjedde på stølen.

– Det var heilt topp, seier han og gliser breitt.

Dei fann tilbake til trakka frå godt og vel 50 år sidan.

Vegutbygginga til BKK gjorde det mogleg å reisa eit heilt nytt tun på fjellgarden, vel 300 meter over havet. Frå garden, som ligg heilt attmed Nedre Botnavatnet, stig fjellsidene bratt opp på fleire kantar.

Geitene var skeptiske i byrjinga, ifølgje Lars.

– Dei måtte få litt tid på seg til å finna igjen stiane i området. Men det er nesten heilt utruleg – dei fann tilbake til trakka frå godt og vel 50 år sidan.

## Tradisjonberar

Sjølv om det kanskje hadde vore enklare berre å utvida beitearealet nede på sjølve garden, ser Lars Tyssebotn på det som ei

viktig oppgåve å vidareføra tradisjonen med stølsdrift.

– Eg har drive med støl i over 40 år. Først på Kvamskogen i nesten 20 år. Så bygde eg ein støl på garden i Tørvikbygd, der støla eg i 19 år, fortel han.

– Men er det verkeleg framtidsretta å driva støl?

– Det trur eg, svarar Lars kontant. Og avslører kjapt at han ikkje er heilt imot nyvinningar heller.

– Du kan for eksempel kombinera det med servering, turisme og guiding, utdjupar han.

## Nyttar utmarka

No vil også Berit vera med i samtalen.

– Landbruket må bli meir berekraftig. Vi kan ikkje berre basera oss på billeg mat frå fattige land i verda, seier ho engasjert.

– Men er det noko økonomi i dette, då? Det kan vel ikkje berre vera rein nostalgi om ein skal få endane til å møtast?

– Vi får jo nytta utmarksressursane, forklarer ekteparet.

Dei fortel at på ein støl er det ikkje noko arbeid med å pløya og så, fjellet ligg der allereie klart til bruk. I tillegg får beita att-

med garden kvila seg i sommarmånadane, dermed treng dei mindre areal rundt garden på Bernes.

Økonomisk sett sper ekteparet Tyssebotn/Ophus mellom anna på med å levera geitemjølk til Tine og produsera sin eigen ost, i tillegg til avl av geit og sau.

– Og så blir du vand til å leva på denne måten, fortel Lars.

### Geiter og sau

Gardsdrifta til Lars og Berit er minst like mykje ein livsstil som eit yrke.

– Det er jo mange i dag som drøymer om å reisa på ferie om sommaren. Sommaren for oss er å vera på stølen. Du må trivast så godt med det at du kan ta til takke med å fiska og gå på fjellturar, i staden for å fara til Syden, seier Lars.

Samtidig viser han til at det berre er ti minutt køyring med bil frå stølen og ned til sjølve Tysse. Dermed er det relativt sentrale strok samanlikna med tilsvarande stolar i Valdres og Hallingdal.

Dei rasane vi har satsa på, er dyr som har vore her i tusen år.

Likevel er stølsdrift kanskje ikkje for alle menneske – og definitivt ikkje for alle dyr heller. Vått og kupert landskap gjer at det er vanskeleg å驱ra til fjells med store dyr. Då er det langt meir praktisk med småfe.

Per dags dato har Lars og Berit 85 vestlandsgeiter og 37 eksemplarar av rasen gammalnorsk spælsau. I tillegg varierer talet på geitekjøp frå dag til dag i januar.

– Dei rasane vi har satsa på, er dyr som har vore her i tusen år. Dei har tilpassa seg naturen og klimaet, fortel Lars.

### Lange arbeidsdagar

– Korleis er eigentleg arbeidsdagen for ein



Berit og Lars trivst godt som småfebønder på Osterøy. Ekteparet er begge opptatt av å utnytta ressursane så godt som mogleg. Foto: Nils-Ove Støbak

### geitebonde på Osterøy?

– Den har vore veldig lang i lange tider, medgir Lars.

– Gjerne frå sju om morgonen til ni-ti på kvelden, seier han.

– Men i jula var det endeleg litt roleg, fortel Berit.

– Det var uvant å sjå Lars ligga på sofaen midt på dagen og slappa av, smiler ho.

– Har de nokon gong angra på yrkesvalet?

– Nei, svarer begge ganske kjapt.

Likevel legg ikkje Lars skjul på at dei har vore heldige som har halde seg friske dei siste åra. Eigeninnsatsen har vore stor, både på garden og stølen.

– Vi er jo sårbare for sjukdom, seier han.

Heldigvis har dei fått mykje god hjelp frå

naboane.

– Vi er blitt veldig godt mottatt her, seier Berit takknemleg.

Gler seg til sommaren

Eg kjenner om våren at det brenn i kroppen. At eg lengtar etter å koma til fjells.

Til sommaren ber det til fjells att for Lars Tyssebotn og geitene.

Det vert lange dagar med mykje arbeid, men den tilbakevende ostringen gler seg allereie.

– Eg kjenner om våren at det brenn i kroppen. At eg lengtar etter å koma til fjells, seier den entusiastiske geitebonden.

Kva skal ein vel med Slottsplassen og Gran Canaria når ein har Høgfjellet og halve Osterøy for sine føter?




Ekteparet Ophus/Tyssebotn har 85 geiter. Til sommaren skal dei nok ein gong klatra til fjells. Foto: Nils-Ove Støbak



Den nye veggen til BKK gjorde det endeleg mogleg å reisa eit heilt nytt tun ved fjellgarden Tyssebotn. Foto: Privat

# Meir mat f



Spelsau på beite på Rellingsætyra i Norddal. Foto: Katarzyna Pacek

Yngve Rekdal, leiar seksjon Utmark, Norsk institutt for skog og landskap

Auka matproduksjon krev at heile landet blir teke i bruk. Noreg har svært lite dyrka areal for produksjon av mat. Berre 10 millionar dekar, eller 3 prosent av landarealet, er jordbruksareal. Det meste av landet er utmark. Trekkjer ein bort jordbruksareal og busette areal utgjer utmark heile 96 prosent av landarealet. Her ligg det store arealressursar som kan brukast i matproduksjon, men haustinga kan berre gjerast av beitedyr.

Foreløpige tal frå prosjektet ”Arealrekneskap i utmark” ved Norsk institutt for skog og landskap, viser at kring 138 millionar dekar, eller 45 prosent av landarealet, kan nyttast som beite for husdyr. Det vil seie at det frå desse areala kan haustast fôr som gjev tilvekst hos beitedyr. Dette er beite i snaufjell, fjellskog, barskog, llyngheder lang kysten og i raviner i flatbygdene. Om lag 9 prosent av landarealet er i beste beiteklasse, svært godt beite.

Beiteressursane i utmark er ulikt fordelt, med store regionale og lokale variasjonar i mengde og kvalitet. Troms er fylket som kjem ut med eineståande høg beitekvalitet med heile 22 prosent av arealet som svært godt beite. Agderfylka, Hedmark og Finnmark kjem ut på den fattigare sida med kring 5 prosent eller mindre i beste klasse. Regionale gjennomsnittstal kan skjule store lokale ulikheiter skapt av berggrunn, lausmassar, topografi og klima. Døme på dette er Hedmark med svært rike beite i nord, og skrinnare midt og sør i fylket. Sør-Trøndelag har rike fjellbeite, men fattigare ut mot fjordar og kyst.

Det er ikkje meir enn 100 år sidan utmarka var viktigaste førgrunnlaget for norsk husdyrproduksjon. Haustinga av fôr i utmark har sidan gått mykje tilbake, men framleis er det ein viktig del av førgrunnlaget for norsk landbruk. Norsk sauehald, med 1,9 millionar sau, hentar det meste av produksjonsfôret frå utmark. Utmarksbruk er i auke i produksjonen av storfekjøt og 243 000 storfe gjekk meir enn 5 veker i utmark i 2013. Det vart hausta verdiar for vel 1 milliard kroner dersom desse skulle vore erstatta av grovfôr.

# Frå utmark

Tek ein også med reindrifta som haustar i utmark heile året, blir dette talet atskilleg høgare.

Foreløpige landstal frå prosjektet ”Arealrekneskap i utmark” viser at førtaket frå norsk utmark i alle fall kan doblast. Truleg kan det haustast atskilleg meir, men da vil ein måtte gå noko ned på tilveksten på dyrda dei vil måtte ete meir av planter med längare fôrverdi, slik som til dømes lyngartar. Beitekvaliteten i utmarka er ikkje berre naturgjeve. Mykje av vegetasjonsbiletet i norsk utmark er ein arv etter tidlegare tider veldig intensive utmarksbruk. Beiting, slått og anna hausting gav eit ope, grasrike landskap. Situasjonen i det meste av landet i dag er at beitetrykket er for lågt. Tresettinga blir tettare og planteproduksjonen i undervegetasjonen blir redusert når lys og varme ikkje slepp ned. På den beste marka kjem høgvaksne urter og bregner inn og skuggar

ut graset. Beitekvaliteten blir derfor sakte redusert på store areal. Utmarka må skjøttast skal beitekvaliteten takast vare på.

Utmarksbeite er den mest arealkrevande næringa vi har. Om lag 35 prosent av norsk landareal blir bruk av organiserte beitelag. Tek ein med reindrifta, som reknar 40 prosent av landet som sitt driftsareal, blir det store areal som kvart år blir hausta av beitedyr. Skal beitenæring kunne drivast må tilgangen til areal sikrast. Arealtilgangen er i dag stadvis sterkt truga av andre arealinteresser som vern av rovdyr, hyttebygging, skogplanting og jakt.

Ei produktiv utmark er eit fortrinn for norsk landbruk. Denne ”gratisressursen” er eit vilkår for lønsemd i sauehaldet. Storfehaldarar ser også meir mot utmark som del av fôrgrunnlaget. Det kan produserast mykje meir mat frå norsk utmark ut frå den ressursen

som ligg der. Det kan truleg også hentast ut ein meirverdi frå det utmarksbaserte landbruket. Sunn mat, produsert i rein og vakker natur, med høg dyrevelferd skulle høve godt inn i trendar som ein ser i matmarknadene no. Dess meir det øvrige landbruket går mot det industrialiserte, vil beitebruk stå fram som eit økologisk alternativ som også høver inn omgrep som kortreist mat og mat med lokal identitet.

Ei utfordring er å finne driftsformer for bruk av utmark inn eit moderne landbruk. Det gjeld til dømes organisering av beitebruk og å lage driftsopplegg som ser den samla ressursen i inn- og utmark i samanheng. Utmarkbeite kan drivast med godt resultat over det meste av landet dersom ein tilpassar drifta til dei lokale naturvilkåra. Nokre bygder har ressursar i utmark som gjev særskilt gode vilkår for å utvikle eit utmarksbasert landbruk.



Geiteflokk ved Lykkjestølane i Øystre Sildre. Foto: Yngve Rekdal/Skog og landskap

# Seterdrift og klima



Ann Norderhaug, økolog og tidligere forskningsleder i Bioforsk.

Global oppvarming er for de aller fleste blitt et faktum, og vi som matprodusenter med drøvtyggere har også fått merke at alle – bør ta sin del av ansvaret for å begrense utslipp som forsterker drivhuseffekten.

Et av forslagene har blant annet vært å redusere antall drøvtyggere fordi de slipper ut gassen metan som er en sterk drivhusfremmede gass. Et annet tiltak som er foreslått er skogplanting – da med hurtigvoksende sitkagran på gammel kulturmark. Umiddelbart kan vært forslag virke logisk, men med litt dybdekunnskap virker framstår begge disse forslagene som lite forankret i et helhetlig, økologisk resonnement.


Norsk seterkultur hadde på sitt årsmøte på Skjetlein 11. mars et eget foredrag om klima med Ann Norderhaug. Bakgrunnen for dette er at hun har utarbeida DN utredning 7-2013 Kulturmark og Klima. Ann Norderhaug er økolog og har arbeidet med kulturlandskap siden 1970-årene. De siste ti årene før hun ble pensjonist i 2011, var hun forskningsleder for kulturlandskap i Bioforsk. Hennes arbeid med kulturlandskap har vært tverrfaglig og omfattet alle forvaltningsnivåer. I 2005 fikk hun Nordisk Råds natur-

miljøpris for sin innsats for det nordiske kulturlandskapet.

## Treplanting som klimatiltak

Hun har blant annet sett på den forrige regjeringen sin klimamelding, og effekten av vedtaket å plante skog på nye arealer som klimatiltak. De nye arealer som det er aktuelt å plante til med skog, er i hovedsak gamle kulturmarker dvs. gamle slåtte og beitemarker. Den rolle disse kulturmarkene spiller i klimasammenheng er imidlertid foreløpig ikke tilstrekkelig klarlagt. Det er derfor usikert om tilplanting av slike arealer virkelig vil gi økt klimanytte. I foredraget belyste kulturmarkens rolle i klimasammenheng. Fordi CO<sub>2</sub> er en klimagass, og karbon utgjør et sentralt byggemateriale i trær, vil treplanting logisk nok binde betydelige mengder karbon i vekstperioden. Det Ann har sett nærmere på er andre, og mindre ønskelige effekter ved skogplantingen.

Det ene er en tilsvarende frigjøring av karbon ved hogst ca hvert 40 år. Røtter og kvist




dør og bidrar med både gjødslingseffekt og frigjort karbon. Det er i klimameldingen foreslått å plante til 1 million daa på 20 år og 5 millioner daa på 50 år.

Hun påpekte at de gamle kulturmarkene også inneholder verdier i form av beiter, kulturminner og biologisk mangfold, og at en tilplanting i flere tilfeller vil kunne utløse konflikter.

Kurven for kabonsvingningene vil da bli som vist i figuren neders på sida.

## Albedoefekten


Det andre er at trærne absorberer varme i mye større grad enn gressbakker (albedo). Spesielt bartrær absorberer varme også om vinteren. Dette fører igjen til en uønsket oppvarming av vår atmosfære



Albedo og Co<sub>2</sub> binding vil arte seg noe ulik med barskogplanting og naturlig gjengroing. Nedenfor er det skissert konsekvensene ved tilplanting med bartrær på kort og lang sikt.



## Skogplanting - kulturmark Middels lang sikt (2050)



## Skogplanting - kulturmark Lang sikt (2100)



Figurene ovenfor skisserer scenarier med barskogplanting over en periode.

Dette sammen med en rekke andre faktorer og behov gjør at vi har for liten kunnskap til å gjennomføre tiltak som får irreversible konsekvenser for flere faktorer som for eksempel det biologiske mangfoldet som er knytta til slått- og beitemarker. Flere av artene knytte til kulturlandskapet trenger flere hundre år for å etablere seg!

I tillegg kommer faktorer som:

- Framtidig arealbehov
- Albedo
- Hvordan forandres soppsamfunn og karbondynamikk
- Sammenlagt klimaeffekt
- Mulige alternativer

På bakgrunn av dette forstår vi at det er behov før økt kompetanse dersom målet virkelig er å redusere den globale oppvarmingen i dette århundre!

Norsk seterkultur vil gjennom resten av året følge opp tema kulturlandskap og klima. Neste artikkel vil handle om beiting og binding av biomasse. Følg også med på våre nettsider [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no) og på våre facebookssider.

Figurene er gjengitt med tillatelse fra Bioforsk.


# Innhaldsrik praktbok om STN

Med boka "Sidet trønderfe og nordlandsfe. Matprodusent, tradisjonsbærer og genetisk ressurs" har Avslaget for sidet trønderfe og nordlandsfe verkeleg gjeve oss eit praktverk! Avslarbeidet med denne kurasen starta på Røros, og boka kom ut 120 år etter første store utstillinga på Røros 2. juni 1894. Sist i mars var det høgtideleg boklansering på Røros. Kring 30 personar deltok, Kirsti Sæter frå Tufsingdalen song og las for forsamlinga – og Atle Meås, redaktøren, presenterte boka og takka alle som har vore med på arbeidet med boka. Atle Meås har i lag med Gerd Inger Flå, Randi Borgos og Johan Sandberg utgjort ei gruppe som har halde bokprosessen gåande, og Erik Stenvik, Ola Syrstad, Robert Nilsson og Harald Rasmussen har skrevet dei kapitla boka er delt inn i. Det er funne plass til nærmare 200 foto, mange frå ymse museer, men også foto som er samla inn frå mange private. Såleis har prosjektet vore litt av ein dugnad, noko som i seg sjølv viser entusiasmen for temaet.

STN-feet var ein gong utbreidd i dal-, fjell- og kystbygder frå Engerdal og Indre Nordmøre i sør til Nordkapp i nord. Den store attendegangen kom mellom 1960 og 1970, og tilfeldigheter var avgjerande for kva materiale som vart att. Mykje av det som vart redda av STN-rasen kom frå Rørostraktene, skriv Atle Meås i ein artikkel, der han han og nemner at Nordlandsfedelen av STN-rasen uheldigvis vart heilt borte.

Erik Stenvik skriv om hamskifte og framsteget pris, m.a. om kva som skjedde etter 1945."fra forskere og veiledere i landbruket var signalet klart og tydeleg: effektiv og rasjonell melkeproduksjon forutsetter at kua står inne året rundt og blir servert en konsentrert forrasjon direkte på forbrettet. I mange bygder var det knapt ei ku å se utendørs på 1970- og 80-tallet. Men endringar kom, i 1996 vart det innført krav om at storfe skulle ha ein beitesesong på minst åtte veker. Dyrevelferd, gjengroing og kulturlandskap kom inn i biletet. Visse protestar, rett nok, men snart var forskarar og fagmiljø samde om at beiting med drøtvtyggjarar er både rasjonelt og effektivt!

Boka handlar sjølvsagt først og fremst om STN, men inneholder samstundes mykje historie, mange tidsbilete og mykje fagstoff som er svært leseverdig for alle med interesse for landbruk og husdyrhald. Artiklane i boka gir grundig informasjon om opphavet til tamfeet og framveksten av rasar, om korleis rasen STN vart til, om utvikling, hamskifte og framstegets pris og ei brei skildring av STN-rasen si avlshistorie. I løpet av nokre år frå om lag 1960 vart nesten heile den norske storfebestanden radikalt endra, NRF overtok. Men heldigvis – av mange svært gode og framtidsretta grunnar – har entusiastar til no berga STN og andre av ei stadeigne rasane. I sommar kan vi takka vera entusiastane sin innsats nytte synet av desse buskapane i seterfjellet mange stader!



Boka "Sidet trønderfe og nordlandsfe. Matprodusent, tradisjonsbærer og genetisk ressurs" er å få kjøpt hos Avslaget for STN.  
Tlf. 90 98 16 55 og atle.meås@gmail.com  
Pris kr. 400,-

# Norsk seterkultur markerer FN-året for



Frå Osterøy i Hordaland. Foto: Berit Ophus.

Seterdrifta er avhengig av dei små og mellomstore mjølkproduksjonsbruka, det vil seie allsidig drevne familiebruk med mjølkproduksjon på ku og geit. Norsk landbruk har vore - og er familie-landbruk, slik FN definerer det.

Kvifor er familielandbruk så viktig?, spør FAO, FN-organisasjonen med ansvar for matvaretryggleik og koordinerande organ for "The International Year of Family Farming" (IYFF)? Og svarar:

**I Familielandbruk og småskala landbruk er uløyseleg knytt til verdas matvaretryggleik.**

**I Familielandbruk tek vare på tradisjonelle matvarer, og bidreg samstundes til eit balansert kosthald, tek vare på verdas biodiversitet og sikrar berkräftig bruk av naturressursane.**

**I Familielandbruk styrker lokale økonomiar, og ved hjelp av konkret politikk fremjar sosial tryggleik og trivsel i lokalsamfunna.**

For Norsk seterkultur er det både naturleg og viktig å markere dette FN-året. Og NSK har fått 60.000 kroner fra LMD til markering av

FN-året. Styret har vedteke at støtta skal gå til konkrete prosjekt og arrangement, samt utarbeidning av materiell som kan brukast av fleire og til ulike arrangement.

Så langt er det klart at det blir markering på Møsstrand i Telemark, med Budeieveven som arrangør. Vidare blir det markering i regi av Snåsa seterlag og det blir arrangement på Glomdalsmuseet. Det blir også arbeidd med eit opplegg i Valdres, og fleire er under planlegging. Styret i NSK oppmodar seterbrukarar enkeltvis og i samarbeid om å få til slike markeringar, og NSK vil utarbeide materiell som kan brukast. Ta kontakt om dette på telefon eller e-post!

## Utgått på dato eller nøkkelen til matsikkerhet?



Er familielandbruket utgått på dato, eller er det nøkkelen til matsikkerhet? FNs generalforsamling har utnevnt 2014 til det internasjonale året for familielandbruk, og det vil ti organisasjoner markere til høsten med å invitere til konferanse om matsikkerhet, landbruk og familielandbruk.

I en ny FN-rapport skriver Oliver De Schutter, FNs spesialrapportør for «Retten til mat», at verdens systemer for produksjon og handel med mat må reformeres for å møte framtidens miljøproblemer og matmangel. Hvis verden skal møte framtidige utfordringer knyttet til tilgang på mat, befolkningsvekst, klimaendringer og miljøproblemer er ikke satsing på storskala, intensiv matproduksjon veien å gå. Nasjonal tilrettelegging for lokal matproduksjon og matmarkeder er helt avgjørende.

### Hva skjer?

For å spre kunnskap om familielandbrukets fordeler og diskutere trusselbildet mot familielandbruket, inviterer vi til konferanse. Hvor går veien for det norske familielandbruket under sittende regjering? Hvilke rammebetin-

gelser har ulike land erfart trengs for å sikre at familielandbruk er levedyktig?

FAO har meldt sin ankomst for å fortelle hvorfor de mener familielandbruk er viktig. Det blir også sokelys på verdien av samvirkeorganisering og på jussens bidrag til sikker matforsyning gjennom eiendomsrettigheter. I tillegg til innledere fra inn- og utland, blir det filmvisning og politikerdebatter.

Ti organisasjoner står bak

Hele ti organisasjoner arrangerer konferansen: 4H Norge, Det kongelige selskap for Norges Vel, FIAN Norge, Norges Bondelag, Norges Bygdekvinnelag, Norges Bygdeungsdomslag, Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Norsk Landbrukssamvirke, Spire og Utviklingsfondet.



I ei tid med kraftige politiske signal om å satse på stordrift og ”agroindustri” er det viktig å synleggjera kva verdiar i landet vårt som står på spel. Seterdrifta er det beste norsk landbruk har å by på, og ingen arena er betre eigna til å synleggjera verdien av eit familiebasert landbruk.

Følg med på www.seterkultur når tidspunkt og detaljar om arrangementa er klare



## Setertur til Tirol

Møre og Romsdal Bonde- og Småbrukarlag arrangerer studietur til Tyrol for seterbrukere og andre med interesse for setring og næringsutvikling knyttet til seterdrifta.

Formålet med turen er å lære om landbrukspolitikken i Østerrike generelt og setring spesielt. Vi får en orientering om aktuell politikk; statlig, regionalt og lokalt. Det vil også bli orientert om hvordan man organiserer både opplæring/landbruksutdanning og rådgivning knyttet til setring i Tyrol. Vi er også interessert i å lære mer om nettverksbygging og hvordan man i Tyrol samhandler med reiselivsnæringa for å øke verdiskapinga for både reiselivsnæringa og seterbrukerne.

Turen starter fra Gardermoen mandag 22. september 2014. Vi flyr først til Wien og deretter til Innsbruck. Vi tar inn på Hotel Sailer i sentrum av Innsbruck. Første kvelden tar vi felles middag som er inkludert i prisen.

Tirsdag 23. september starter med frokost på hotellet. Deretter arrangerer vi møte med representanter fra delstatsregjeringen i Tirol. De orienterer om landbrukspolitikken generelt og seterpolitikken spesielt. Vi får god tid til å spørre og diskutere. Møtet holdes på engelsk. Vi kan organisere oversetting både fra engelsk og tysk. Ettermiddagen er det ingen felles aktiviteter.

Onsdag 24. skal vi besøke og overnatte ei natt på ei seter. Vi starter med å ta Nordkettenbahn, en gondolbane fra Innsbruck. Fra enden av heisen er det 4 timer spasertur til Møslalm. Husk å ta med gode sko og liten sekk for en tannbørste, håndkle og litt ekstra klær. For de som ikke ser seg i stand til en slik spasertur kan man bli igjen i Innsbruck og besøke Bondens Marked og et klokke-

museum. Blir man i Innsbruck overnatter man på samme hotellet mens vi som drar til støls for å overnatte der. Vi behøver ikke ta med sovepose og både middag og frokost på setra er inkludert i prisen. Overnattingen skjer på en sovesal.

Torsdag 25. september blir de som bor på hotel Sailer hentet i buss som kjører de til møtestedet for de som kommer ned fra setra. Turen ned fra setra tar ca 2 timer og vi følger en spennende elvedal med godt tilrettelagt gangsti. Når alle er på bussen drar vi mot Erwald hvor vi skal ta gondolbane til Zugspitze, Tysklands høyeste fjell. Det er en vanvittig gondoltur som virkelig krever at man er høydesterk. Vi spiser lunsj i restauranten på toppen av Zugspitze. Vi tar gondolbanen ned igjen før bussen fører oss tilbake til hotel Sailer og Innsbruck. Det er ikke noe felles arrangement denne kvelden.

Fredag 26. september forlater vi Innsbruck og tar tog og buss mot Galtür hvor vi tar inn på hotel Landle. Disse dagene arrangeres fjellost-olympiaden i Galtür, og der kan vi delta på konferanser og møter. Lørdag 27. september drar ut og ser på utstillingene av fjellost. Der blir vi det meste av dagen. Det er fine muligheter å leie seg sykkel og dra innover fjelldalene og besøke setre. De fleste av dyra er flytta hjem, men turisttilbuddet er fortsatt på noen av setrene. Søndag 28. september spiser vi frokost på hotellet før vi tar buss og tog tilbake til Innsbruck og hotel Sailer. Der spiser vi samlet middag siste kveld.

Mandag 29. september går turen heim igjen, via Wien og Gardermoen. Turleder og guide er Stein Brubæk, seterbruker og godt kjent i Alpene.

### Bli med på setertur til Tirol


Pris: kr. 8500 i dobbeltrom. Enkeltromstillegg kr 2000,- Prisen forutsetter 20 deltakere. Prisen inkluderer tur/retur fly fra Gardermoen til Innsbruck, hotellrom og frokost alle dager, 4 felles middager og bussturen til Erwald. Mat forvrig, gondol, tog, buss og drosje internt i Østerrike dekkes av den enkelte. Guide hele uka. Møre og Romsdal BS gjør alt arbeidet med planlegging, pakking og booking, rapportskriving og regnskapsføring. Påmelding til Stein Brubæk, tlf 91 56 32 59 som også kan gi ytterligere informasjon om turen.

#### Påmeldingsfrist : Senest 24. juni 2014

Finansiering: Deltakerne kan søke om støtte enkeltvis for å delta på turen enten gjennom kommunale næringsfond eller fylkesvise BU-midler Tema man kan søke støtte for kan være produktutvikling, nettverk og samarbeide, tilleggsnæring. For hjelp til å skrive søknader kan undertegnede kontaktes.

Påmelding til: **Stein Brubæk, tlf. 91 56 32 59, e-post: stein@lfr.no**

Returadresse:  
Norsk seterkultur  
6214 Norddal



**For den som vil ha seteropplevelingar i sommar,  
gå gjerne inn på [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no)  
– der du finn "Til seters"**

[www.seterbygda.no](http://www.seterbygda.no)  
[www.snasaseter.no](http://www.snasaseter.no)  
[www.budeieveven.blogspot.no](http://www.budeieveven.blogspot.no)  
[www.hallingkost.no](http://www.hallingkost.no)  
– der finn du Budeienettverket  
[www.seterlandet.com](http://www.seterlandet.com)  
[www.seterlandet.no](http://www.seterlandet.no)  
[www.stolsferie-nordfjord.no](http://www.stolsferie-nordfjord.no)  
[www.valdres.no](http://www.valdres.no)

---

**Medlemskontingent 2014**

|                          |          |
|--------------------------|----------|
| Aktiv seterbrukar        | kr 400,- |
| Stottmedlem/abonnement   | kr 300,- |
| på Seterbrukaren         |          |
| Organisasjon/institusjon | kr 600,- |

**Ja, eg vil bli medlem**

Aktiv seterbrukar  
 Organisasjon/institusjon  
 Stottmedlem/tinging av Seterbrukaren

Namn: .....

Adresse: .....

Telefon: .....

Du kan også registrere deg som medlem på våre heimesider: [www.seterkultur.no](http://www.seterkultur.no)

**NORSK SETERKULTUR**  
6214 NORDDAL Tlf.: 70 25 91 77 – Fax: 70 25 91 57  
E-post: [seter@seterkultur.no](mailto:seter@seterkultur.no)  
Bankgiro: 2367 20 51 169

## OLAVSROSA

Kvalitetsmerket  
for de beste  
kulturarvopplevelser.  
Et besøk er et minne  
for livet.

**"Vern gjennom bruk"**



[www.olavsrosa.no](http://www.olavsrosa.no)  
[www.kulturarv.no](http://www.kulturarv.no)



*Et medlemskap  
som varmer*

Norsk  
Seterkultur



Mange av våre produkter  
har rot i stølskulturen  
og vi støttar  
Norsk Seterkultur  
i arbeidet for denne  
driftsforma